



Arkivnr: 2014/13701-5
Saksbehandlar: Gerd Eva Napsøy

Delegert Saksframlegg

Fylkesdirektør samferdsel etter fullmakt

TILDELING DROSJELØYVE R-8, R-16, R-28 OG RESERVELØYVE R-839 TILKNYTT ØYGARDEN TAXI

Samandrag

Drosjeløyve R-8, R-16, R-28 (rullestol) og reserveløyve R-839 tilknytt Øygarden Taxi vart kunngjort i pressa 22.11.2014. Innan søknadsfristen gjekk ut 13.12.2014 hadde det meldt seg 3 søkjarar. Drosjesituasjonen i Øygarden har i lang tid vore vanskeleg. Det har ikkje meldt seg søkjarar når dei ledige løyva har blitt utlyst i pressa. Dei har til saman vore utlyst 4 gonger. Ved denne utlysinga har det meldt seg 2 personlege søkjarar med fortrinnsrett j.fr. yrkestransportforskrifta § 43, første ledd. Desse har fått tildeling. Det har og meldt seg 1 søkjar som er eit selskap utan fortrinnsrett. I medhald av Yrkestransportloven § 25, j.fr. forskrifta § 44 har fylkesdirektør samferdsel tildelt 1 løyve og eit reserveløyve til denne søkjaren.

Yrkestransportlova og forskrift om yrkestransport vert lagt til grunn i samband med denne tildelinga.

Etter å ha vurdert saka finn fylkesdirektøren å kunne fatte følgjande

VEDTAK

Med heimel i yrkestransportlova §§ 4 og 9, jf. forskrift om yrkestransport § 43 vedtar fylkesdirektøren å tildele drosjeløyve :

- 1. R-8 til Thomas Weldeghebriel.**
- 2. R-16 til Tarek Husebø.**
- 3. R-28 og reservedrosjeløyve R-839 til Turbuss Vest AS.**

Løyva skal vere tilknytt Øygarden Taxi. Det skal installerast taksameter i bil registrert på drosjeløyve R-8, R-16, R-28 og R-839. På drosjeløyve R-8, R-16 og reserveløyve R-839 skal det registrerast bil med inntil 9 sitteplassar. På drosjeløyve R-28 skal det registrerast bil med inntil 9 sitteplassar og plass til transport av ein rullestol.

Rolf Rosenlund
seksjonleiar

Gerd Eva Napsøy
spesialkonsulent

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesdirektør samferdsel, 22.12.2014

Drosjeløyve R-8, R-16, R-28 (rullestol) og reserveløyve R-839 tilknytt Øygarden Taxi vart kunngjort i pressa 22.11.2014. Innan søknadsfristen gjekk ut 13.12.2014 hadde det meldt seg 3 søkjarar.

2. Lovheimel

Yrkestransportlova og forskrift om yrkestransport vert lagt til grunn i samband med denne tildelinga

§25 i yrkestransportlova:

«Løyve etter denne lova kan tildelast dei som fyller krava som er sette i lova eller i forskrift med heimel i lova. Eit selskap eller annan juridisk person kan tildelast løyve på vilkår som vert nærare fastsette av departementet»

§44 i forskrift om yrkestransport:

«Er det ikke noen søker som har fortrinnsrett etter §43 avgjør fylkeskommunen etter eget skjønn hvem som skal tildeles løyve. Herunder kan det gis løyve til innehaver av drosjeløyve og til selskap eller annen juridisk person»

Det følgjer av yrkestransportlova § 4, 2. ledd at ledig drosjeløyve skal tildelast den som har

1. god vandel
2. tilfredsstillande økonomisk evne og
3. tilstrekkeleg fagleg kompetanse.

Desse krava må oppfyllest før løyve kan tildelast. Desse krava gjeld uavhengig av lengda på ansienniteten. Fylkesdirektøren har ikkje heimel til å gjere unntak frå desse reglane.

Er det fleire som oppfyller desse krava gjeld ansiennitetsprinsippet i forskrifta § 43, slik at det då vil vere lengda på den einskilde søkjaren sin ansiennitet som er avgjerande for tildeling av løyve.

God vandel skal ifølgje forskrifta § 6 dokumenterast med politiattest. Ny politiattest skal leggjast fram kvart femte år.

Tilfredsstillande økonomisk evne inneber at søkjar skal leggja fram attest frå kemner/kommunekasserar, attest frå Konkursregisteret og garanti frå bank eller finansieringsinstitusjon.

Tilstrekkeleg fagleg kompetanse inneber i følgje forskrifta § 8 at søkjaren må leggja fram vitnemål frå det obligatoriske drosjeløyvekursset.

3. Fylkesdirektøren si vurdering

Thomas Weldeghebriel har fått godkjend ei samla ansiennitet på 1 år, 9 månadar og 20 dagar. Han har lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest og økonomisk garantierklæring. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-8 til Thomas Weldeghebriel. Drosjeløyve R-8 skal vere tilknytt Øygarden Taxi.

Tarek Husebø har fått godkjend ei samla ansiennitet på 3 månader og 14 dagar. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-16 til Tarek Husebø. Drosjeløyve R-16 skal vere tilknytt Øygarden Taxi.

Før utferding av løyvedokument må alle attestar samt vitnemål om bestått løyvekurs liggjå føre.

Turbuss Vest AS har ikkje ansiennitet som løyvehavar. Turbuss Vest AS har lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest og økonomisk garantierklæring.

Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-28 (rullestol) og reserveløyve R-839 til Turbuss Vest AS. Drosjeløyve R-28 (rullestol) og reserveløyve R- 839 skal vere tilknytt Øygarden Taxi.

Det skal vere sett bil i drift på drosjeløyve R-8, R-16, R-28 og R-839 innan **22. mars 2015**.